

## Sjuåring fann merkeleg dinosaur

Ville du likt å finne ein ny dinosaur og attpåtil få han oppkalla etter deg? Det gjorde sju år gamle Diego frå Chile.

Av Magnus Holm | Publisert 22.02.2016 | Oppdatert 04.02.2020


Del [↻](#) | Last ned [↓](#)



Sju år gamle Diego (til venstre) har fått ein dinosaur oppkalla etter seg. Foto: Dr. Fernando Novas

For nokre år sidan var sju år gamle Diego Suárez med foreldra sine på jobb sør i landet Chile. Foreldra til Diego har uvanlege jobbar: Dei er geologar – det vil seie at dei forskar på steinar. Saman fann dei knoklar frå ein heilt ukjend dinosaur!





Den nye dinosauren har fått namnet *Chilesaurus diegosaurezi*.

## I slekt med *Tyrannosaurus rex*

Den nye dinosauren har fått namnet *Chilesaurus diegosaurezi*. Han er oppkalla etter landet der han vart funnen, og Diego som fann han.

Arten ser nesten ut som om nokon har sett saman delar frå forskjellige andre dinosaurar. Truleg var han i slekt med kjøttetaren *Tyrannosaurus rex*. Men tennene og kjevane passar ikkje til å ete kjøtt. Derfor trur forskarane det dreier seg om ein planteetar som har utvikla seg frå ei gruppe kjøttetarar.

Livet på jorda

Dinosaurer og fossiler

### Lesekroken oppgåve

Til denne artikkelen finnast det undervisningsopplegg med oppgåver.

[Sjå Lesekroken oppgåve](#)

### Nyeste om dinosaurer og fossiler



Ser du hva dette er?

**Publisert:** 11.05.2020





### Vegetarkrokodillene

**Publisert:** 11.05.2020

---



### Fann den første kjente kjempedinosaren

**Publisert:** 27.11.2018

---

[Se flere artikler](#)

---